



DEN NORSKE KYRKJA
Lavik Sokneråd

Møteprotokoll Lavik sokneråd 06.09.23

Tilstades:

Tonje Førde Systad, Toril Lange, Torunn Styve, Wenche Liljedal, Geir Sørrebø, Annbjørg Norevik Kristensen, Hilde Iren Bosdal.

Ord til opning v/ Geir

Godkjenning av innkalling, referat frå 31. mai og sakliste.

Meldingssaker:

12/23: Sidan sist.

Gudstenester: 25. juni med dåp, 6. august med 15 tilstades, og 27. august med presentasjon av 50-årskonfirmantar, årets nye konfirmantar og kyrkjekaffi.

Sommarleir Alværa i juni hadde 10 deltakarar og to ungdomsleiarar frå Lavik.

Redaksjonsmøte, Helgestunder 21. august

13/23: Nytt frå fellesrådet –hovudpunkta i møteproyokollar frå møter 23. juni, 21. juli og 24. august

14/23: Konfirmantopplegget 2023/2024. Runar Matsui Li skal ha konfirmantane i Lavik og Bjordal (5+1). Dei fleste samlingane vert på Lavik kyrkjekontor torsdagar rett etter skulen. Det er då planen at foreldra på omgang skal stille med litt mat i starten av samlingane. Konfirmasjonen vert Kr.himmelfartsdag torsdag 9.mai. 2024

15/23: Kyrkjevalet – informasjon og fordeling av oppgåver

Vedtakssaker:

Sak 18/23: Gudstenester/gudstenesteplan

Fordeling av oppgåver - kyrkjevert, takkoffer, klokkar.... Sjå vedlegg

Sak 19/23: Planar for hausten

Mat og prat onsdag 15.oktober kl 18 på Alværa Vi snakka litt tom morleis få med fleire, kva tema/ form som kan vere mest aktuelt. Landa på å teste ut intervju/ samtale mellom Geir og ein person om livet/dei «store» spørsmåla i livet/ livskriser. Nokre alternativ vart nemnde.

Aktivitetslaurdag på Alværa 4.november. Vi har søkt og fått kr 3000 frå kommunen til eit slik arrangement. Tenker evt å invitere barnefamiliar frå heile kommunen. Sjå Sak 17/23.

Detaljar kjem vi tilbake til.

Salmekveld onsdag 6. desember. Vi syng jula inn, håpar å få med ei gruppe frå Fjordbrass slik som i 2022.

Trusopplæring a) Myldresamling Toril og Maria

b) T-dag onsdag for 1.-4.klasse 20.sept, 18.okt, 8.nov og 29.nov

c) Minikonfirmantar ?

Sak 20/2: Kyrkjevalet. Oppgåvefordeling.

Vallokalet skal vere ope kl 10-18. Vi må ha to personar tilstades heile tida. Soknerådet fungerer som valstyre. Det nye soknerådet tek til å gjelde/verke frå 1.november.

Neste møte vert onsdag 18.oktober kl 18.30

Lavik 19.09.23

Torunn Styve, ref.